



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	05.09.2013	053/13
Kommunestyre	26.09.2013	075/13

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 13/540	Saksansvarleg: Arne Osvald Åsebø
------------------------------------	------------------------	-------------------------------------

Detaljreguleringsplan for fortau frå RV15 mot Øvre Okshola, gbnr. 108/127 m.fl. - eigengodkjenning

Rådmannen si innstilling

Kommunestyret vedtek, med heimel i Plan- og bygningslova (2008) § 12-12, å eigengodkjenne Detaljreguleringsplan for fortau frå RV15 mot Øvre Okshola, gbnr. 108/127 m.fl., datert 23.08.13, med tilhøyrande føresegner av same dato.

05.09.2013 Planutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

PU-053/13

Vedtak:

Kommunestyret vedtek, med heimel i Plan- og bygningslova (2008) § 12-12, å eigengodkjenne Detaljreguleringsplan for fortau frå RV15 mot Øvre Okshola, gbnr. 108/127 m.fl., datert 23.08.13, med tilhøyrande føresegner av same dato.

26.09.2013 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Planutvalgets innstilling til vedtak enstemmig vedtatt.

K-075/13

Vedtak:

Kommunestyret vedtek, med heimel i Plan- og bygningslova (2008) § 12-12, å eigengodkjenne Detaljreguleringsplan for fortau frå RV15 mot Øvre Okshola, gbnr. 108/127 m.fl., datert 23.08.13, med tilhøyrande føresegner av same dato.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova (2008)
Reguleringsplan for Myrene/Oksholen (1997)
Kommuneplan for Vågsøy kommune (2002-2014)

Bakgrunn for saka

Planutvalet vedtok i sak PU-048/13 den 13. juni, å legge Detaljreguleringsplan for fortau frå RV15 mot Øvre Okshola, ut til offentlig ettersyn i samsvar med Plan- og bygningslova (pbl) § 12-10.


Vågsøy kommune ved drifts- og anleggsavdelinga har prioritert å ferdigstille den nye kommunale vegen ved Skavøypoll barnehage og det nye bustadfeltet som er under utvikling der. VA-anlegg og kablar for lyssetting er lagt ned. Det er lagt opp til å sette opp stolpar for gatelys no i haust. Det er også vist stor interesse frå utbyggjar av det nye bustadfeltet Lyngskogen (om lag 12 bueiningar) for å få ferdigstilt den kommunale vegen, med fortau slik det er lagt opp til i planen som no har vore på offentlig ettersyn.

Plankart med tilhøyrande føresegner og planhefte har vore til offentlig ettersyn i perioden frå 21. juni til 12. august, og planen vert no lagt fram for endeleg vedtak i kommunestyret.

Saksopplysningar / fakta

Det er i gjeldande reguleringsplan for Myrene/Oksholen (1997) regulert inn fortau på vegen oppover mot Øvre Okshola. Denne planen dekkjer ikkje tilkomstvegen til barnehagen, som bør inkluderast for å opne for at foreldre som bur i nærområdet kan gå med barna på ein tryggare måte med fortau. Elles er det slik at fortauet som er regulert inn i 1997-planen, er på motsett side av vegen med omsyn til kor det i dag ligg an til å bli flest bueiningar. Det er difor tenkt at ny reguleringsplan skal ha fortauet på motsett side.

Planframlegget opnar for bygging av eit nytt fortau i tilknytning til den kommunale vegen frå RV15 mot øvre Okshola. Fortauet er som nemnt ovanfor lagt på motsett side av vegen i forhold til gjeldande plan, i tillegg til at fortauet er ført ned og heilt fram til Skavøypoll barnehage.



Figur 1: Ortofoto med illustrasjon av fortausløyninga i planforslaget.

Rådmannen viser elles til vedlagt planhefte for vurderingar og valte løysingar i planforslaget.

Det er kome inn følgjande fråsegnar og innspel under offentleg ettersyn:

Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 28. juni 2013:

Ser det som positivt at det er inkludert i føresegnene at det skal takast kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen dersom det vert påvist moglege automatisk freda kulturminner. Har elles ingen merknadar til detaljreguleringsplanen.

Kommunal vurdering: Tatt til etterretning.

Innspel frå Statens vegvesen, region vest, datert 6. august 2013:

Viser til at det er kommunen som er vegmynde for kommunale vegar, men ber generelt om at løysingar som vert valt er i samsvar med gjeldande vegnormalar. Eventuelle avvik bør vere tilstrekkeleg utgreidde og vurdert som forsvarlege.

Kommunal vurdering: Tatt til etterretning.

Fråsegn frå Fylkesmann i Sogn og Fjordane, datert 7. august 2013:

Ingen avgjerande markadar.

Kommunal vurdering: Tatt til orientering.

Innspel frå Marleen Blålid Hodne, qbnr. 108/142, datert 19.06.13:

Har i samråd med kommunen bygd levegg inn mot det arealet som i gjeldande reguleringsplan er fortau. Representantar frå kommunen var til stades og leveggen måtte byggast slik at den tålte snøtrykk frå brøyting med snøfres. Er uroa for at denne kan bli skada ved ordinær vegbrøyting, no når fortau vert flytta til andre sida.

Kommunal vurdering:

Dette er erfaringsmessig ikkje noko problem, men kommunen har ansvaret for vintervedlikehaldet og har som elles i kommunen fokus på å unngå skadar på tilgrensande eigedom.

Det er ikkje grunnlag for fortau på vegen gjennom bustadfeltet ned mot kryss RV15/veg mot barnehage, då det erfaringsmessig kun er fem ungar og to bilar i tidsrommet mellom 08 og 08.30.

Kommunal vurdering:

Kommunen er nøydd å planlegge for lang tid framover og det er då truleg at det vil vere både fleire ungar og fleire bilar. Fortau på motsett side skal legge til rette for at ungane kryssar den kommunale vegen lenger oppe, vekk frå det trafikkerte kryssområdet, og «leiar» dei ned mot barnehagen. Kommunen legg også opp til å lage ei sluse vidare derifrå til barneskulen, slik at dette blir den føretrukne vegen til/frå skulen.

Det er trong for breiare veg frå kryss til barnehagen.

Kommunal vurdering:

Ny reguleringsplan legg opp til litt breiare veg, men det er heller ikkje ønskjeleg med for brei veg. Det er viktig at mjuke trafikantar veit kor dei kan forvente bilar og kor det er trygt. Det er difor tenkt fortau langs vegen ned til barnehagen.

Fortauet mellom kryss ved RV15 og ned mot barnehagen burde vere på motsett side. Der går barnehageungane to gongar for dag på veg til/frå lavo-området på motsett side av RV15.

Kommunal vurdering:

Dette er eit viktig innspel. Kommunen har fått tilsendt eit bilete som illustrerer innspelet:



Figur 2: Ungar i flokk, som avventar to møtande bilar.

For å unngå at ungane må gå i kanten av vegbana midt i dette trafikkerte krysset, slik bilete viser, er planforslaget som låg ute til offentlig ettersyn no endra slik at det i innersving no er sett av areal for ei framtidig løysing av gangvegen (sjå plankart). Ungane vil då kunne nytte seg av fortauet frå barnehagen opp mot krysset, slik reguleringsplanforslaget har lagt opp til, men deretter krysse over før sjølv kryssområdet og gå på ein gangveg (som planen no heimlar for å etablere). Denne treng ikkje etablerast som fortau langs køyrevegen men kan gå meir direkte mot gangfeltet over RV15. Elles er det ikkje gjort endringar i planforslaget som låg ute til offentlig ettersyn.

Utvide innkøyrse frå RV15 i kryss opp til Okshola.

Kommunal vurdering:

Avkøyrse er i samsvar med Statens vegvesen si handbok 017 *Veg og gateutforming*, og som nemnt ovanfor er det heller ikkje ønskeleg med for brei veg. Avkøyrsla kryssar gang- og sykkelvegen langs RV15 og det er viktig at dette kryssingspunktet er klart definert og ikkje har større omfang enn naudsynt.

Sette opp godt lys i krysset.

Kommunal vurdering:

Ein vesentleg betring av lystilhøva ved barnehagen vil kome, og opp langs vegen gjennom bustadfeltet skal det monterast nye gatelys, inkludert i gangvegen mot nord (tidlegare tilkomstveg til Øvre Okshola).

Betre lyssetting av fotgjengerfelt over RV15.

Kommunal vurdering:

Lyssetting av opphøgd gangfelt på RV 15 er Statens vegvesen sitt ansvar, men kommunen vil formidle innspelet om mangelfull lyssetting.

Det er for få parkeringsplassar ved barnehagen. Kommunen bør legge til rette for parkering langs vegen i staden for å bruke pengar på fortau.

Kommunal vurdering:

Kommunen ønskjer ikkje å legge til rette for parkeringsplassar langs vegen i staden for fortau. Ei slik løysing vil tvinge ungane ut i vegbana, samstundes som det vert mindre oversikteleg.

Det er eit ubrukt areal mellom Oksholtunet og krysset mot RV15 som kommunen kunne kjøpe og opparbeide som parkeringsareal for tilsette i barnehagen.

Kommunal vurdering:

Arealet det er vist til er i hovudsak regulert til bustadføre mål, slik at det planmessig er høve til å etablere parkeringsplassar der. Arealet er om lag 500 m² stort og markert med svart sirkel på utsnittet nedanfor: Innspelet vert teke til orientering og er oversendt drift- og anleggsavdelinga, som vil vurdere denne løysinga saman med andre moglege løysingar for parkeringsproblematikken ved Skavøypoll barnehage/-skule.



Elles: Kommunedelplan for trafikktrygging har vært ute på høyring og skal opp til politisk handsaming i byrjinga av september. Gjennom arbeidet med planen har tilhøva i og kring Skavøypoll skule/ barnehage hatt stor merksemd, og arbeidsgruppa som har arbeidd med trafikktryggingsplanen sluttar seg til flytting av fortauet, slik denne detaljreguleringsplanen legg opp til.

Utforming av fortau vil være slik at vintervedlikehold kan utførast også på fortau.

Vurdering / konsekvensar

Rådmannen viser til vurderingane av dei ulike innspela ovanfor og vurderer det slik at flytting av fortau, slik det er lagt opp til planforslaget, vil gje ein sikrere veg til/ frå skule/ barnehage, ved at kryssing av vegen kan skje lenger oppe i feltet. Det er tilrådd å betre trafikktryggleiken i kryssområdet ved at det vert lagt inn ekstra fortausareal for å kunne etablere ein tryggare gangveg mellom Skavøypoll barnehage og området med barnehagelavo på motsett side av RV15. Endringa er innarbeidd i plankartet.

Rådmannen tilrår at kommunestyret eigengodkjenner detaljreguleringsplanen datert 23.08.2013.

Når planen er vedteken, vil planvedtaket verte annonsert og private rettighetshavarar og offentlege høyringspartar verte underretta med brev. Brevet vil innhalde opplysingar om klageadgang og frist for klage.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
120797	Regplan Okshola plankart - redusert til A4.pdf
120357	Planhefte for fortau mot Okshola utan plankart (dat. 23.08.13).pdf

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	05.04.2013	Sølvberg bygg AS	Innspel til oppstart av reguleringsplanarbeidet
3	U	16.04.2013	Fjordenes Tidende	Varsel om planoppstart - detaljreguleringsplan for fortau frå RV15 mot Øvre Okshola
6	U	16.04.2013	Naboar og grunneigarar	Varsel om planoppstart - detaljreguleringsplan for fortau frå RV15 mot Øvre Okshola
4	U	16.04.2013	Fylkesmannen i Sogn	Varsel om planoppstart - detaljreguleringsplan for

			og Fjordane; Sogn og Fjordane Energi AS; Sogn og Fjordane Fylkeskommune Plan- og samfunnsavdelinga; Representanten for barn og unge; Skavøypoll skule; Janne Halsør; Tone Holvik; Eldrerådet i Vågsøy; Jan Helge Oksholen	fortau frå RV15 mot Øvre Okshola
7	N	17.04.2013	Tor Einar Andersen	Ad: Detaljreguleringsplan fortau - tekst til kommunen si heimeside.
9	I	15.05.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Vågsøy kommune - fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for fortau frå rv 15 mot Øvre Okshola
10	I	21.05.2013	Statens vegvesen Region vest Sogn og Fjordane	Reguleringsplan - fortau - Øvre Okshola - varsel om oppstart
11	U	04.06.2013	Fylkeskommune Plan- og samfunnsavdelinga Sogn og Fjordane	Varsel om planoppstart - detaljreguleringsplan for fortau frå RV 15 mot Øvre Okshola
12	I	04.06.2013	fylkeskommune Plan- og samfunnsavd.	Svar - Varsel om planoppstart - detaljreguleringsplan for fortau frå RV 15 mot Øvre Okshola
14	I	06.06.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Vågsøy - Varsel om planoppstart - detaljreguleringsplan for fortau frå RV 15 mot Øvre Okshola
			I hht. e-postmottakarar og vedlagte adresseliste; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Sogn og Fjordane Fylkeskommune Plan- og samfunnsavdelinga; Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga; Sogn og Fjordane Energi AS; Representanten for barn og unge; Jan Helge Oksholen; Nils Holvik; Janne Halsør; Skavøypoll skule	Varsel om offentlig ettersyn - detaljreguleringsplan for fortau frå RV 15 mot Øvre Okshola
15	U	20.06.2013		
16	U	20.06.2013	Fjordenes Tidende	Annonse fredag 21.06.13 - varsel om offentlig ettersyn
17	I	28.06.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Detaljreguleringsplan for fortau frå RV 15 mot Øvre Okshola
18	I	06.08.2013	Statens vegvesen Region vest	Offentleg ettersyn av reguleringsplan for nytt fortau mot Øvre Okshola
19	I	12.08.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til føreslegen detaljreguleringsplan for fortau frå rv15 mot Øvre Okshola
20	I	12.08.2013	Marleen Blålid Hodne	Innspill vedrørende detaljreguleringsplan for

fortau - Øvre Okshola